



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

MØTEBOK HARDANGER UNGDOMSRÅD

Torsdag 12.04.18

Kommunehuset i Jondal kl. 10.30 – 14.30

Til stades:

Jondal kommune:	Ungdomsrådsleiar Tiril Eiken
Jondal kommune	Ungdomsrådsnestleiar Xtar Pachob
Eidfjord kommune:	Ungdomsrådsleiar Oda Medhus
Ulvik herad:	Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen
Granvin herad:	Ungdomsrådsleiar Marte Kristoffersen
Odda kommune:	Ungdomsrådsleiar Ellen Marie Mastelero Strand
Odda kommune:	Ungdomsrådsnestleiar June Kleppe

Forfall:

Kvam herad:	Ungdomsrådsleiar Elias Selvik Undal
Ullensvang herad:	Ungdomsrådsleiar Olav Riber Østlie

Andre:

Jondal kommune	Arnved Soldal Lund
Granvin herad	Siri Stuve
Hardangerrådet	Jostein Eitrheim og Trude Lægreid Rinaldo

HU-sak 05/18

Oppsummering Hardanger UngdomsTING 2018 i Granvin

1. Ungdom og påverknad

Innlegget her vart for langt og ikkje fengande nok. Pulsen gjekk ned. Her var nok bestillinga frå sekretariatet litt feil.

2. Ambulanse – Framlegg frå representant

Innleiinga frå Kjersti Toppe var framifrå og veldig interessant. Debatten vart veldig god.

Nye Oppgåver / arbeid vidare:

Skriva eit brev til Terje Breivik som refererer til det arbeidet Hardanger Ungdomsråd har gjort for å oppretthalda Ambulanse i Hardanger og distrikta i Norge.

Dette må gjerast raskt. I brevet skal me be om eit stortingsvedtak på å lovfesta responstid for Ambulanse.

Vårt fokus er å arbeida vidare for at responstida vert lovfesta, og såleis redusert der responstida ofte vert overskride med mange hundre prosent.

Ungdom synest det er rart at det ikkje er same lovkrav til responstid for Ambulanse som for Brann, og dei meiner at det skal vera like sikkert å bu i distrikta som i byane.

Brev til stortingsrepresentant Terje Breivik

Mål med brevet er :

At mål om responstid , dvs 12 minutt i by og 25 minutt i bygda, vert lovbestemt

Me grunngjiev med å sei at me vil ha det lovpålagt fordi (Stikkord)

- Ein har rett på same sikkerheit sjølv om ein bur i distriktet
- Legevakt tilbodet er ulikt tilgjengeleg då avstandande har blitt større etter reform og kontora færre.
- Tilbod på tenester frå Politi er ulikt tilgjengeleg då avstandande har blitt større etter reforma og kontora færre.
- Det er mange risikofylte arbeidsplassar i regionane
- Det kan skje noko uansett kor ein bur, også på bygda.
- Miljø og klimaendring gjer at ein forventar meir ekstremvær som kan gjera det vanskeleg å koma fram, då kan nærliek vera avgjerande.
- Attraktivitet ,omdøme, tilflytting m.m. vert negativ dersom ein ikkje har grunnleggjande føresetnad for å kjenna seg trygg.
- Me kan hjelpe til sjølve, og det ønskjer me i form av at alle vert opplærd til fyrstehjelp med kurs og reelle øvingar via skulen, men det må vera i tillegg, ikkje som erstatning for Ambulansetenester.

3. Hardanger mot 2020

Veldig dumt at Ordførarane ikkje var der, det forhindra den gode debatten.

Men viktig å nemna at møtedato vart endra til ein dag der mage av ordførarane ikkje kunne koma pga arbeid i fellesnemder for nye kommunar i Hardanger.

Nye oppgåver /arbeid vidare

Leiarane i ungdom ráða Odda, Ullensvang og Jondal er invitert inn til møte i fellesnemnda 27.4.2018, og leiar i Hardanger Ungdomsråd er utfordra til å fortelja litt om kva ungdomen vil. Dette vert drøfta seinare i dette møtet.

VEDTAK:

Hardanger ungdomsråd skal ta kontakt med andre ungdomsråd i andre regionar, for å høyra om dei arbeider med dette, og/eller om dei vil slutta seg til.

Hardanger ungdomsråd ber alle ráða i Hardanger diskutera argument for å få lovbestemt responstid for Ambulanse for heile landet.

Frist for tilbakemelding med fleire argument er 30. april 2018, innsendt tiltrudde på post@hardangerradet.no

Etter det skriv Hardanger Ungdomsråd brev til stortingsrepresentant Terje Breivik, med kopi til Kjersti Toppe og resten av Hordalandsbenken.

Hardanger Ungdomsråd tek imot invitasjon om å møta Hordalandsbenken, og vil be om møte i November 2018. Dagleg leiar i Hardangerrådet tek kontakt

HU-sak 06/18 Psykisk helse blant unge og ting rundt dette

Frå diskusjonen:

- Regjeringa me har no set fokus på psykisk helse
 - I Ulvik skal det snart vera eit foredrag med dialog, som set fokus på temaet
 - Har alle skulane no tilgjengeleg helsesøster?
- Litt ulik tilbakemelding, men veldig viktig at helsesøster er tilgjengeleg i friminutta, elles skapar det oppsyn når elevane vil gå dit.
- I Odda har dei helsestasjon for ungdom ein dag i veka, det er veldig bra!
 - Kommunepsykolog, har kommunane det?

- Alle skular er lovpålagde å ha tilbod om helsesøster, men det oppsøkande arbeidet med psykisk helse i kommunane, det manglar.
- Snakkar de om kva psykisk helse kan vera? Er dette noko ein pratar om eller lærer om i skulen? Svaret er NEI. Det er ikkje på dagsorden før elevane er på vgs., som dei meiner er for seint.
- Er skulen og læreplanane i utakt med tida? Ja er svaret.
- Mobiltelefon er eit vanskeleg tema, og fører til mistillit og skuling på kvarandre mellom elevar og lærarar, og elevane opplever dette som plagsamt. Er mistilliten den største frustrasjonen?
- Er sosiale medier med på å skapa ein vanskeleg oppvekst? Får mange problem og plager skapt av sosiale medier? JA, både som mobbing men også av alle forventningane.
- Psykisk helse vert påverka av sosiale medier, men også positivt og inspirerande. Og det å vera synleg, er uansett betre enn å vera usynleg.
- Her har samfunnet endra seg, så korleis vert desse utfordringane tekne inn i opplæring på skulane. Ungdommane opplever ikkje å verta høyrde med sine argument.
- UngData ei undersøking som er gjort i delar av Hardanger.

HU-sak 07/18 Orienteringssaker / Aktuelle saker for HU

• Orientering frå Hardangerrådet og andre organ i Hardanger

Dagleg leiar Jostein Eitrheim informerte om prosessen rundt vedtak om framtida for Hardangerrådet, ny selskapsavtale, konsekvensar og kven som skal vera del av det nye regionrådet etter 2020.

Kva arbeider me med i Hardangerrådet i dag?

Hardangerrådet	Ordførarane i dei 7 Hardangerkommunane
Rådmannsforum:	Rådmenna i dei 7 Hardangerkommunane
Hardanger Ungdomsråd:	Ungdom frå dei 7 Hardangerkommunane
Team Hardanger :	Næringsansvarlege i dei 7 Hardangerkommunane
Hardanger kulturråd :	Kulturansvarlege i dei 7 Hardangerkommunane

Hardangerråder er bindeleddet og gjer at Hardanger kan snakka med ei stemme inn mot fylkeskommunane, stortinget og andre utanforståande organ, og det gjer større gehør. Utan eit regionråd, måtte dette ha vorte organisert annleis.

Spørsmål:

Dersom Voss bestemmer at dei ikkje skal vera del av eit framtidig regionråd, er då også Granvin formelt ute ?, JA det er det.

Men eit eventuelt Granvin ungdomsråd kan på særskilt vilkår fortsatt vera del av eit framtidig Hardanger Ungdomsråd, men det er ikkje sjølvsgagt.

Spørsmål: Kva med den nye Ullensvang kommune , vert det ein representant? Ja er svaret om ein skal organisera Hardanger ungdomsråd slik det er i dag, likt som for Hardangerrådet.

- **Fellesnemnda ønskjer innspel på og førebuing til fellesnemndmøte 27. april 2018, der ungdomsrådet er invitert til å sei noko om viktige ungdomsakar i det å skapa ein ny kommune, og korleis involvera ungdomane i prosessen.**

Stikkord til leiar som skal fortelja om kva Hardanger ungdomsråd ser på som viktig:

- Det blir veldig få representantar i det nye ungdomsrådet, korleis kan ein organisera seg i framtida.
- Kan ungdommen stilla krav og koma med ønskjer
- Skulestruktur i framtida er veldig viktig, det er for langt om alt vert sentralisert
- Viktig at det er god dekning av helsesøster for ungdom på alle skulane
- Kollektivtransport mellom bygdene er viktig for ungdom, der tilbudet er svært dårleg på kveld. Har me gode idear på korleis me kan løysa dette kreativ?
- Kan ein utfordra den nye kommunen til å gå inn for og bruka litt midlar på : «trygg heim for kr 50».
- Ønskjer fleire møteplassar som 16. mai!
- Det er viktig at ungdomsrådet får vera med å uttala seg om andre saker enn møteplassar og ungdomsklubb. Ungdommane vil verta høyrd i andre saker som gjeld samfunnet. Korleis skal ungdom verta teken med i samfunnsplanlegging, arealplanlegging, osv. ?
- Ungdommane bør kanskje kreva å verta teken med.
- Ungdomsrådet er tydeleg på at ungdom vil meina noko om helsetilbodet, skule, kulturtildeling – og kunna påverka resultat, slik at ikkje alt vert sentralisert.
- Kva skal vera desentralisert?
- Viktig at ungdom vert invitert inn ulike råd , for eksempel er ungdom med i Cittaslowstyret i Ulvik, der dei får sei kva dei vil .
- **Vil presisera kor viktig det å ha eit ungdomsråd er og kva ungdomsrådet kan gjera. Ønskjer at den nye kommunen til å setta fokus, ressursar og kompetanse inn i dette arbeidet. Det må settast på dagsorden.**
- **Viktig at den nye kommunen er bevisst på korleis dei handtar ungdomsråd, og dei bør verta høyrd like mykje.**
- Kven skal Hardanger ungdomsråd vera i framtida?
- Viktig å finna ei løysing på korleis ein kan motivera vgs elevar til å fortsetja i sitt ungdomsråd.

Hardanger Ungdomsråd oppfordrar også fellesnemnda for Granvin og Voss å invitera inn ungdomsråda inn til møte.

HU-sak 08/18

**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Det vart ikkje tid til runde rundt bordet. Utsett til neste møte.

Referat Trude L. Rinaldo, Hardangerrådet